



Latebakken. Om vinteren er her flott skiterreng. Foto Elisabet Møland

## LATEBAKKEN 629 moh

**Latebakken er heimste stølen til garden Moe** og ligg på 629 m.o.h. Nyaselet, som er teikna av Halldor Hamre, var ferdig i 2001. Gamlaselet er under omvøla. Murane viser etter eldhuset utanfor øvste ramen. Træet rundt stølen var slege og lagra i ei uteløa nederst på treet. Høyet vart køyrt heim på vinterføre samstundes som dei i Brekke og Jørdre køyrde heim høy frå Skykkjeset. Frå gammalt av hadde Moe støl i Skaftedal, nå Skaftedalstveita. I 1902 vart Moe og Skaftedal, bruk nr. 2, samde om å byta stølar. Grunnen var at då kunne gardbrukaren i Skaftadal nytta budeia i arbeidet heima i tillegg til at ho sjodna kydna morgon og kveld. Moe overtok Latebakken. Fjellstølen til garden Moe er Steindro, her er det berre murane etter selet som står att.

**Me hadde kyr på sommarsbeite på Latebakken fram til 2006.** Kydna vart køyrde i dyrabil frå floren i tunet og opp i Skaftedal. Herifrå var det buføring inn på Latebakken. Før 1981 buførde me heimifrå. Då hadde kydna gått på beite heima nokre dagar. Den gamle buførevegen var opp Krokane, gjennom tuna i Brekke, opp på Hessvollane og vidare opp på Tunge i Skaftedal. Herifrå same veg innover som no. Gamlakydna forsto kvar dei skulle, men kvigene kunne vera «tråe» å få opp alle bakkane. Før du kjem inn i Dalsetøyane er det ein fin badehøl i elva: Vallsethølen. Eit bad her kan anbefalast!! Eller du kan ta deg eit bad i Kvernhuslølen på oppsida av brua i Skaftedal. Regnar det, kan du prøva fiskelukka. Frå Latebakken ser du opp på stølane Dalset (nederst) og Krakalie. Dette er stølar til gardane på Øvre Fenne. Det er god sti frå Krakalie og opp Svartadiket. Her er vegen kort over til Fennastølane som har bilveg heilt fram (fin tur). Garden til Per Gunnar Erga på Kløve har stølsrett på Dalset. No viser berre murane etter selet.

**Ein fin rundtur er:** Latebakken, Krakalie, Svartadiket, Steindro, Latebakken. Det går ein god sti mellom Svartadiket og Steindro. (Steindrovegen)

**Byrsetegga** er og verd ein tur. Her kan du laga din eigen veg oppover jadlane. Når du kjem opp og går til det høgste punktet, får du ei flott utsikt over Vossabygda.

Målaren Johannes Fenne fann motiv til mange maleri i området her oppe.

*Dersom sauene beitar høgt oppe i sida på Byrsetegga lovar det godt ver.*

**Om vinteren** er her flott skiterreng. Som oftast er det skuterløypa til Latebakken og Skykkjeset. (rundløypa) Frå Skykkjeset er det skispor vidare opp på Hondalsnuten. Frå Steindro kan du sjå / fylgja skiløypa til vossingane over Gråskallen, inn i Modalen og vidare opp på Nuten. Det er og fint å gå utover frå Svartadiket og på Fennanuten.

**GOD TUR!** Granvin turlag.

**Kjelde:** «Stølane i Granvin» av Torbjørn Seim og lokalkjende



Før du kjem inn i Dalsetøyane er det ein fin badehøl i elva: Vallsethølen. Eit bad her kan anbefalast!! Foto Anne Lorentzen